



Sjølv om det var stille og fint ver, vart det meste av Uskedalen ramma av eit timelangt straubrot tysdag

kveld.

Det vara frå omlag 19.40 til 20.40 og det var berre Eikelandet som beheldt straumforsyninga i denne timen.

Grunnen til brotet var at ein kabel i nærleiken av sekundærstasjonen fall ned og det tok si tid å gjera dei nødvendige omkoplingane sjølv om Kvinnherad Energi var raskt ute med mannskapa sine og dei arbeidde effektivt. Det var også stuttare brot seinare på kvelden i samband med omkoplinga,

På biletet er ein av KE sine montørar på veg opp i ein av stolpane ved sekundærstasjonen for å gjera eit nødvendig inngrep.

(Foto: Ola Matti Mathisen)